



Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement

Dykkar ref.: 14/3975 Vår ref.: 14/858-4 Dato: 27.06.2014

**STATLEG GODKJENNING AV KOMMUNALE LÅNEOPPTAK OG
LEIGEAVTALAR FØR IVERKSETJING AV KOMMUNEREFORMA - FRÅSEGN**

Vi viser til brev datert 14. mai 2014.

Giske kommunestyre har i møte 19. juni 2014, sak 49/14, gjort følgjande vedtak i saka:

Det er lang praksis for at staten ikkje på eit generelt grunnlag skal overprøve om kommunale vedtak er føremålstenlege. Dette er politiske vurderingar som ligg til det enkelte kommunestyre. Ei vurdering som foreslått vil bety at makt blir overført frå kommunane til ein statleg administrativ funksjon. Dette er ei underkjenning av lokale demokratiske prosessar, og derfor finn **ikkje** Giske kommunestyre å kunne gå inn for lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma slik dette går fram av vedlegget i saka.

Sakspapiret følgjer vedlagt.

Med helsing

Karin Veia Sæther
leiar servicekontor
tlf.:70 18 80 62



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	10.06.2014	065/14	MGB
Giske kommunestyre	19.06.2014	049/14	MGB

Saksbehandlar Martin Geo Bostad	Arkiv: K1-251, K3-&13	Arkivsaknr 14/858- 3
---	--	--------------------------------

STATLEG GODKJENNING AV KOMMUNALE LÅNEOPPTAK OG LEIGEAFTALAR FØR IVERKSETJING AV KOMMUNEREFORMA - HØYRING

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.05.2014	Høyringsnotat med frist 25 juni 2014.pdf	238695

Saksutgreiing:

I samband med den komande kommunereforma – jf. Prop. 95 S (2013-2014), har Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeidd/sendt ut eit framlegg til lovendring som skal styrke den statlege kontrollen med økonomien i kommunane. Framlegget går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015-2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen – jf. pkt. 5 i vedlegget til saka. Høyringsfristen er 25. juni 2014.

Føremålet med framlegget til lovendring er å sikre at kommunane ikkje gjennomfører uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. Framlegget går difor utpå at **kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen**. Lovendringa skal gjelde for budsjettåra 2015-2017. Departementet tek dessutan sikte på at lovendringa skal gjelde frå og med dagen



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

då høyringsnotatet blei sendt ut. Dette inneber at ho vil gjeld for vedtak om budsjettet for 2015 som blir gjort etter 14. mai 2014.

Departementet grunnjev framlegget med at det skal førebyggje at lån, investeringar eller lokaliseringar lokalt skal skape usemje mellom kommunar som kan vere aktuelle kandidatar for samanslåing. For å nå måla i kommunereforma, kan det vise seg vesentleg å unngå at investeringar og lokaliseringar dei komande åra snevarar inn kva inndelingsendingar som lokalt blir oppfatta som aktuelle. For at dei samanslåtte kommunane etter reforma ikkje skal få svekka handlefridomen sin, er det vesentleg å unngå auka opplåning i forkant av reforma og å sørge for at nye bygg m.m. ikkje får ei lokalisering som gjer drifta av den nye kommunen vanskelegare. Departementet seier vidare at målet ikkje er å legge avgrensingar på investeringsnivået i seg sjølv. Dersom ein kommune er i økonomisk balanse, skal fylkesmannen ikkje nekte eit lån utifrå ei rein økonomisk vurdering. Det er kun i dei tilfella at investeringane har karakter av strategiske tilpassingar i forkant av reforma at fylkesmannen vil la kunne la vere å godkjenne, heilt eller delvis, at kommunen tek opp lån og/eller inngår langsiktige leigeavtalar. Departementet sine vurderingar går elles fram av pkt. 3 i vedlegget til saka.

I pkt. 2 i vedlegget til saka er det gitt ei oversikt over gjeldande rett etter kommunelova når det gjeld statleg kontroll med kommunane.

Vurdering:

Statleg godkjenning av kommunale vedtak som foreslått, inneber at eit slikt vedtak i kommunestyret ikkje er gyldig før det er blitt godkjent av statlege styresmakter (fylkesmannen). Kontrollen vil i all hovudsak vere knytt til kommunestyret sine årsbudsjettvedtak for åra 2015 t.o.m. 2017. I investeringsdelen av budsjettet vedtar kommunestyret investeringane som skal gjerast og korleis dei skal finansierast. Leigeavtalar der alt vesentleg av økonomisk risiko og kontroll med det underliggjande leigeobjektet er gått over på leigetakar (finansiell leasing), skal behandlast som ei lånefinansiert investering i budsjett og rekneskap. Det inneber at slike avtalar også blir omfatta av kravet om godkjenning. Derimot vil ikkje leigeavtalar som er inngått av administrasjonen som ei disponering av budsjettet, bli omfatta av ordninga. I dei fleste tilfelle inneber difor ordninga at eitt vedtak pr. år må ha slik godkjenning. I tillegg kjem ev. budsjettrevisjonar i løpet av året der kommunen gjer vedtak om å ta opp nye lån.

Ei endring som foreslått inneber at staten v/fylkesmannen skal gjennomføre ein generell godkjenning av alle kommunale vedtak om låneopptak/inngåing av leigeavtalar. Dette er ei vesentleg utviding i høve dagens ordning der slik godkjenning kun blir nytta i samband med to typar disposisjonar : lån for dei kommunane som er underlagt vilkårsbunden kontroll og godkjenning (ROBEK-kommunar) og vedtak om garantiar – jf. kommunelova §§ 60 nr. 2 og 51 nr. 1.



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Rådmannen sine merknader:

Eg har i utgangspunktet ingen problem med å forstå departementet sine vurderingar når det gjeld behovet for ei slik mellombels lovending for å unngå strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. I denne saka er der etter mi meinig likevel andre omsyn som bør tilleggast større vekt enn omsynet til å unngå strategiske tilpassingar.

Det eine er omsynet til det kommunale sjølvstyret. Det er lang praksis for at staten ikkje på eit generelt grunnlag skal overprøve om kommunale vedtak er føremålstenlege. Dette er politiske vurderingar som ligg til det enkelte kommunestyret. Dersom ein kommune er i økonomisk balanse, skal fylkesmannen difor ikkje overprøve kommunane sine investerings-/leigevedtak.

Ei endring som foreslått vil også bety ei byråkratisering og sentralisering. Meir makt vil bli overført ifrå kommunane til staten v/fylkesmannen. Noko som vil innebere ei lengre saksbehandlingstid og sannsynlegvis også større kostnader for kommunane. Sjølv om departementet føreset at fylkesmennene normalt skal behandle søknadane raskt og effektivt, og difor ikkje ser behov for å setje fristar for deira saksbehandling, vil dette likevel kunne bli resultatet av ei slik ordning.

Eg rår difor formannskapet til å leggje saka fram for kommunestyret etter slik

INNSTILLING:

Giske kommunestyret finn **ikkje** å kunne gå innfor lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma slik dette går fram av vedlegget i saka.

10.06.2014 GISKE FORMANNSKAP

Fellesforslag utarbeidd i møtet:

”Det er lang praksis for at staten ikkje på eit gelerelt grunnlag skal overprøve om kommunale vedtak er føremålstenlege. Dette er politiske vurderingar som ligg til det enkelte kommunestyre. Ei vurdering som foreslått vil bety at makt blir overført frå kommunane til ein statleg administrativ funksjon. Dette er ei underkjenning av lokale demokratiske prosessar, og derfor finn **ikkje** Giske kommunestyre å kunne gå inn for lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma slik dette går fram av vedlegget i saka.

F-065/14 TILRÅDING:

Fellesforslaget vart samrøystes tilrådd.



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA

19.06.2014 GISKE KOMMUNESTYRE

Forslag frå Gunnar Morsund (Uavhengig):

"Giske kommunestyre vil understreke at prinsippet om kommunalt sjølvstyre må tilleggjast stor vekt. Det er dei lokale politikarane som kjenner best behova i sine kommunar. I ein situasjon der fleire kommunar sal gå saman i ein kommune er det likevel viktig at ein har ein viss tryggleik for at dei felles interessene ikkje vert skadelidande ved at einskilde kommunar kan setje i verk tiltak som ikkje er nødvendige for å sikre dei grunnleggjande behova til innbyggjarane.

Giske kommune støttar difor framlegget om at Fylkesmannen skal godkjenne låneopptak og langsiktige leigeavtalar inntil kommunereformen er gjennomført. Dette er under føresetnad at fylkesmannen si sakshandsaming er rask og ubyråkratisk og at det blir lagt avgjerande vekt på at nødvendige tenestetilbod til innbyggjarane vert tatt vare på."

22 voterande.

K-049/14 VEDTAK:

Ved alternativ votering vart tilrådinga frå formannskapet vedtatt med 19 mot 3 røyster. Mindretalet røysta for Gunnar Morsund sitt forslag.